

Det er skulen sine ordensreglar som gjeld for turen. I tillegg må vi forholde oss til Hvite Busser sine retningsliner. Brot på reglane fører til merknad på åtferdskarakteren.

- 1. Røyking og snus er forbode. Energidrikk er heller ikkje tillate. Konsekvens for brot på regelen er at du må gå saman med ein vaksen neste dag.*
- 2. Bruk og kjøp av rusmiddel fører til at eleven blir sendt heim på foreldra si rekning saman med ein av leiarane.*
- 3. Det skal vere ro på rommet/lugaren etter klokka 22.00, om ikkje ana er gjeve beskjed om. Dette fordi det er reglar for dette dei plassane det er booka overnattingar. Det betyr at vi ikkje kan springe og rope i gangane. Brot på regelen fører til at de må ligge på rom med ein av leiarane.*
- 4. Skader/øydeleggingar: Alle gjester står personleg ansvarleg for skader som måtte skje, uansett innkvartering. Det er viktig å sjekke rom/lugar når ein kjem, og med ein gong gje beskjed om eventuelle manglar.*
- 5. Alle må gå minst 3 saman når de er ute. Dette MÅ avtalast med ein vaksen før de går ut. Syt for at du har ein opplada mobil før du går ut med mobilnummer til gruppeleiarar.*
- 6. Mange av hotella har forbod mot hårfarging, då dette tidlegare har gjeve skade på tepper, sengetøy, håndklær o.a. på grunn av misfargingar. Det er heller ikkje tillete å ta peercing og tatovering.*
- 7. Det er også særst viktig at alle følgjar godt med når beskjedar blir gjevne, slik at det ikkje skjer ubehagelege situasjonar, t.d. når det gjeld møte-tidspunkt. Reiseprogrammet er stramt og alle må møte i bussen og på romma/lugarane sine til avtalte tider. Ved brot på avtaler må eleven gå saman med leiarane neste dag. Dette gjeld også ved dårleg oppførsel på bussen.*

8. For å få ein triveleg tur forventar vi at vaksne og elevar syner respekt for kvarandre og avtalene som gjeld. Ved besøk på ulike arrangement forventar vi at alle syner respekt for dei reglar som gjeld på staden.
9. Mobilbruk på turen. Mobilen skal ikkje nyttast under guiding (dvs i leirer, minnestader, museum og på bussen under guiding eller undervisningsopplegg/film). Den skal då alltid vere på lydlaus. Dette gjeld også under måltidene. Vis hensyn på hotellrommet. (Bruk øyrepluggar slik at andre får natтеро).

Vi har lese ordensreglane og godtek desse.

Dato: _____

Underskrift av elev: _____ mobilnr. _____

Underskrift av føresette: _____ mobilnr. _____

Føresette som deltek på turen må også forhalde seg til reglementet, og skal også underteikne.

Underskrift av føresette: _____ mobilnr. _____

Fullstendig telefonliste over alle ansvarlege på turen blir delt ut på bussen.